



# 2. tertial 2014

---

## Økonomistatus for Kvam herad per 2. tertial 2014

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.

2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.

3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføre vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

---

## Innhald

1	Endringar og risikomoment - drift .....	3
2	Endringar og risikomoment - investering .....	5
3	Søknadar om støtte .....	6
4	Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar – august 2014 .....	7
5	Økonomisk hovudoversikt - drift.....	8
6	Rammeområda - drift .....	10
7	Økonomisk hovudoversikt - investering .....	11
8	Prosjektoversikt .....	13
8.1	Nye prosjekt i tertialen .....	14
8.2	Endra prosjektrammer i tertialen .....	14
9	Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 087/13 .....	15
10	Fondsoversikt .....	26
11	Vedlegg.....	26

# 1 Endringar og risikomoment - drift

Som fylgje av reduserte inntekter, aukar det budsjetterte underskotet til Kvam herad i 2. tertial. I framlegget til rådmannen er netto driftsresultat redusert med 3,7 MNOK, som gjev eit årsbudsjett på – 5,6 MNOK. 14 MNOK dårlegare enn i opprinneleg budsjett. Kvam herad har fondsmidlar til å dekkja inn meirforbruket i 2014, men målet om å byggja opp disposisjonsfonda i 2014, lukkast ikkje. Det er heller ingen grunn til å tru at det vert betring i inntektssituasjonen i 2015-2018. Tvert i mot ligg det inntektsreduksjon i 2015-2017 då både utbyttet frå Kvam kraftverk AS vert lågare og eigedomsskatten skal trappast ned. Kraftinntektene ser ut til å halda seg låge då området kommunen sel krafta i, ikkje har linjekapasitet til å eksportera til andre områder der prisane er betre i løpet av øk.planperioden. Kvam herad må difor førebu seg på ytterlegare innsparingstiltak i arbeidet med budsjett og økonomiplan for 2015-2018.

Prognosen for kraftinntekter er litt betre enn i 1. tertial, og fallet har vorte redusert frå 7,5 MNOK til 6,5 MNOK i 2. tertial. Rådmannen er optimistisk og legg endå 1 MNOK mindre i tertialen, det vil seia eit netto fall på 5,5 MNOK. Kraftrelaterte inntekter vart redusert med ytterlegare 1 MNOK då generalforsamlinga vedtok å redusera utbyttet frå Kvam kraftverk AS til 15 MNOK mot budsjettert 16 MNOK. Manglande utbytte vert kompensert med auka avkastning på plassering i obligasjonar på 1 MNOK.

Resultatet frå lokale lønsforhandlingane for 2014 vert fyrst kjent i slutten av oktober. Dei sentrale lønsforhandlingane er avslutta, og det ser ut som at lønsveksten vert 3,5 MNOK lågare enn budsjettert. Einingane har utfordringar med å halda rammene, men det er berre lagt opp til rammeendringar for eit unntak: Sosialhjelp. Sosialhjelpsutgiftene har seinare år vore budsjettert ut frå nivå på landsnitt, og ikkje tidlegare års rekneskap. Målet har vore å få gjennomført tiltak for å få utgiftene ned, som krav til aktivitet (punkt 13 i budsjettvedtak). Heller ikkje i 2014 har ein så langt fått gjennomført planlagde tiltak, og utgiftene ser ut til å verta 3,5 MNOK høgare enn budsjettert. Innsparingar i utgifter og auke i tilskot gjer at rammeauken vert på netto 1,5 MNOK.

## Frie inntekter

Per juli har den nasjonale skatteinngangen vore 2,3% høgare enn i fjor, og framleis lågare enn dei 3% som er lagt til grunn i RNB. Fyrst når endeleg likningsoppgjer føreligg i oktober, og fordelingane mellom skattekreditorane kjem, kan ein sjå korleis den endelege skatteinngangen vert. Dersom skatteutviklinga held fram på same nivå, kan kommunesektoren få inntil 1,2 milliardar mindre i skatteinngang.

For Kvam var skatteinngangen på 122,3 MNOK per august mot 122,5 MNOK i fjor. Per august er 63,7% av budsjettert skatteinntekt kome inn, mot 64,6% i fjor. I prosent av landsgjennomsnittet ligg Kvam på 89,1% per juli. Dersom veksten i kommunen sine skatteinntekter ikkje aukar, vert inntektene over 2 MNOK lågare enn budsjettert. Dersom veksten i kommunesektoren ikkje aukar, risikerer Kvam herad å få lågare inntektsutjamningstilskot enn budsjettert.

## Kraftinntekter

Om lag 60% av krafta er seld. Rådmannen håpar at prisane skal verta noko høgare enn i prognosen pr. juli, og har lagt inn ein reduksjon i netto inntekter på 5,5MNOK. Prisane kan sjølvstøtt og verta lågare, og då vil inntektene falla ytterlegare.

## Lønsoppgjer

Lønsoppgjeret utgjer ein sentral fastsett del og ein lokalpott. Storleiken på den lokale potten vert i all hovudsak fastsett sentralt for 90% av lønsmassen, men individuelt fordelt i lokale forhandlingar. Om lag 10% av lønsmassen har berre lokale forhandlingar. Forhandlingane finn stad i september/oktober. Så langt ser det ut til at lønsveksten vert 3,5 MNOK lågare enn budsjettert. Dette er innarbeidd i tertialen.

### **Pensjonsutgifter**

Flyttinga frå pensjonsleverandøren Storebrand til KLP, er no gjennomført. Prognosane for 2014 ser ut til å stemma med det som ligg av budsjett på pensjonsutgiftene.

### **Rentenivå**

Rentenivået til kommunen held fram med å synka. Det låge rentenivået har medført at kommunen nyleg fekk eit fastrentetilbod på 69 MNOK i 10 år til 3,05%. Frå før hadde lånet ei rente på 3,22%. For rentebindingar på opptil 12 MND, ligg nivået på under 2%. I langtidsprognosane ligg det framleis inne ein auke i rentenivået, og lånevolumet til Kvam herad gjer kommunen sårbar i høve renteauke. Rådmannen vil difor halda fram med å binda ein del av gjelda for å skapa meir forutsigbare rammer for drifta. ROBEK-kommunar må betala 0,05-0,1% meir enn andre kommunar, og får tilbod frå færre låneaktørar. Med Kvam herad sitt høge gjeldsnivå, kan dette utgjera ein auke i driftsutgift på 1 MNOK årleg. Det er difor viktig å få ei balansert drift for å unngå ytterlegare renteutgifter. Avkastningane på obligasjonsplasseringane ser ut til å verta 1 MNOK høgare, og dette er teke inn i tertialen for å finansiera manglande kraftinntekter.

### **Enkeltsaker**

Som tidlegare år, kan det framleis koma enkeltsaker som krev hastetiltak og relativt store ressursar. Dette vert ikkje teke høgde for, og vil koma som evt. avvik i årsmeldinga for 2014. Etter at kommunen vart omorganisert og ein fekk større einingar, har ein hatt større høve til å gjera grep i innanfor einiga for desse enkeltsakene. I 2. tertial er dei høge sosialutgiftene innarbeidd, og delvis finansiert med innsparingar innanfor same avdeling. Krava til innsparingar er likevel så krevjande elles i eininga, at 1,5 MNOK er lagt inn i tertialen som rammejustering.

### **Innsparingskrav og -tiltak**

Med unntak av sosialhjelp, melder einingane at innsparingstiltaka er krevjande, men at dei framleis ser ut til å kunne løysa oppgåvene sine innanfor budsjettrammene.

## 2 Endringar og risikomoment - investering

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å forskyva prosjekt mellom budsjettår, men evt. rammeauke i prosjektet skal handsamast av heradsstyret. Administrasjonen har ikkje hatt tid til å sjå vurderer gjennomføringstida for alle prosjekt i samband med 2. tertial, så det vil sannsynlegvis verta utarbeidd ein 3. tertial med desse tidsforskyvingane.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av eigne midlar og eigenkapitalinnskot til KLP i investeringsbudsjettet. I eigenkapitalinnskotet til KLP er det ein stor endring i 2. tertial. Når kommunen vel KLP som leverandør, medfører det at kommunen og går inn på eigarsida. Kommunen pliktar då å betala inn eigenkapitalinnskot på 11,3 MNOK i eingongsinnskot for hovudordninga, og 1,5 MNOK for 2014. I frå før betalar kommunen 0,2 MNOK årleg i innskot for sjukepleierordninga. Eigenkapitalen vert ført i investeringsrekneskapen. Eigenkapitalinnskotet er foreslått finansiert med midlar frå BKK-fond og 1 MNOK frå tidlegare avsett reservefond til føremålet. Dette fondet vart laga i den tid kommunen gjekk ut av KLP og til Storebrand, og fekk utdelt tidlegare innbetalt eigenkapitalinnskot. Fondet er no oppbrukt, og ein må nytta andre kapitalfond til nye eigenkapitalinnskot.

Utlån av startlån frå Husbanken er lågare enn forventa, men det er noko usikkert kor mykje det vil utgjera, og det ikkje lagt inn nokon endring i tertialen.

Det er stort aktivitetsnivå på eigedomsforvaltninga, og fleire eigedomar er i ferd med å verta selde. Det kan såleis koma høgare inntekter her enn det som ligg i investeringsbudsjettet for 2014. Inntekter frå eigedomssal skal enten gå til finansiering av spesifikke investeringsprosjekt eller til bustadfeltfond. På grunn av at tidspunkta for salsoppgjera ikkje er klare, er det ikkje lagt inn endringar i tertialen, med unntak av hyttesal på Kvamskogen.

### I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

**P91140-91144** - Barnehageprosjekta er med som eiga sak i møtebolken, men rådmannen si innstilling til vedtak er òg innarbeidd i tertialen. Rammeauken er førebels lagt inn i 2015, og vil ikkje gå fram av investeringsbudsjettet for 2014, men i prosjektoversikten.

Prosjektramma til barnehageprosjekta er førebels lagt inn eks.mva, og det er ikkje teke omsyn til evt. finansiering med eigedomssal. Heile prosjektet er foreslått finansiert med låneopptak. Evt. inntekter frå eigedomssal, vert foreslått sett av til investeringsfond i etterkant.

**P15083** – Turistveg Steinsdalen har fått utvida ramma med 3,7 MNOK. Dette er utlegg for fylket, som vil verta refundert i 2015. Mellombels finansiering med lån av fondsmidlar.

**P18131** – Portal- og administrasjonsprogram er foreslått utvida med 1 MNOK i ramme. Kvam herad har fått fleire krav i løpet av året som påfører kommunen over 1,1 MNOK i utgifter til ulike programvarer. Innføring av A-meldinga er førebels rekna til 0,5 MNOK, innføring av EHF-faktura til nesten 0,2 MNOK, nytt innkrevingsystem til over 0,2 MNOK og omlegging av lønssystem til 0,2 MNOK. Dei to siste systema er på plass innanfor ramma, men dersom dei andre skal slutførast må ramma aukast. I tillegg var prosjektet tenkt å gå til bl.a. innkjøp av tidregistreringssystem og portalløysing. For å framleis har rammer til dette, er difor prosjektet foreslått utvida med 1 MNOK i 2014. Auken er foreslått lånefinansiert.

**P61083** – Oppgradering vassverk viser er justert for sal av hytte. Takst er ikkje innhenta endå, men salssummen er lagt inn lik kjøpsum på 2,3 MNOK.

**P61110** – VA-leidning Kvammapakken er lagt inn med ei rammeauke på 1 MNOK. I tertialen ser overskridinga større ut, men rekneskapen skal gåast igjennom i høve refusjonar og andre Kvammapakke-prosjekt. Rådmannen kjem attende til denne saka.



### **Nye prosjekt i tertialen:**

**P61145** – Trafikksikringstiltak 2014 i tråd med trafikksikringsplanen og HST-132/12. 0,2 MNOK eks. mva. er driftsprosjekt medan 0,55 MNOK eks. mva. er investeringar.

**P71141** – Opparbeiding av tomt og grunn til framtidig fotballbane i Vikøyevjo er innarbeidd i tråd med politisk vedtak, kr 175.000 eks.mva., finansiert med lån.

### **Andre prosjektkommentarar:**

**P17141** – Modulbygga er forkyvd til 2015 då tomte dei skal stå på ikkje er klar endå.

**P18133** – Heilelektronisk arkiv er forskyvd til 2015 då kommunen er rådd til å gjennomføra oppgradering av arkivsystem før dette prosjektet vert igangsett.

**P60024-25** – Utbygging Grodalsåsen er forskyvd til 2015.

**P60096** - Kompensasjonsmidlar veg – Skjering Bakka er forskyvd til 2015

**P60134** – Familie- og læringssenter er forskyvd til 2015 i påvente av resultat frå «Mulighetsstudie»

**P61132** – Bru Steinsdalsfossen – gjeld tidsforskyving. 0,7 MNOK er innarbeidd i tertialen, men totalramma held.

**P90074** – Norheimsund barneskule har ei overskriding på 4 MNOK. per august. Prosjektrammene er ikkje endra i 2. tertial. Rådmannen kjem til å leggja fram sluttrapport for prosjektet i neste møtebol, og kjem attende til finansiering av rammeoverskridinga då.

## **3 Søknadar om støtte**

Hardanger Kunstsule (HAKU) søkte 11. juni om uttak av 0,3 MNOK av tilskotet som vart tildelt i HST-084/08 i samband med etableringa av skulen. Totalt fekk HAKU tildelt 0,2 MNOK i grunnkapital og 1 MNOK i tilskot. HAKU har tidlegare fått tildelt 0,6 MNOK i tilskot, og har etter siste utdelinga 0,1 MNOK igjen. Tilskotet er finansiert med midlar frå næringsfondet.

Ålvik Pensjonistlag har søkt om støtte til prosjektering av trygdeleiligheter. Kvam herad har innvilga eit lån på kr 50.000. Midlane er lånt av næringsfondet.

Hardanger og Voss museum har søkt Kvam herad om 2,0 MNOK til ombygging av sjøhus til publikumsmottak på Hardanger fartøyvernssenteret. Søknaden vert vurdert i samband med budsjettet for 2015 – økonomiplan 2015-2018.

I 2015 er det 150 år sidan forfattaren Hans E. Kinck vart fødd. I samband med jubileet er det bedt om kr 150.000 til ei nemnd leia av kultur og integrering, som skal gjennomføra ulike arrangement i løpet av jubileumsåret. Det er ikkje lagt inn nokon rammeauke til dette i tertialen, og det er bedt om at ein vurderer løysingar/prioriteringar innanfor eksisterande rammer, eller tek det opp att i samband med budsjettet for 2015.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg.

## 4 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar – august 2014

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar – august 2014. Vedtaka er innarbeidd i tertialen, med unntak av HST-034/14 – sal av bustad. I tillegg er det 2 tidlegare vedtak som får innverknad på budsjettet for 2014

Møte dato	Saknr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
04.02.2014	FSK-004/14	Grunnarbeid – ny fotballbane på Vikøyevjo	175.000	Lånefinansiert
08.04.2014	HST-015/14	Ålvik skule, nybygg. Budsjettjustering	11.250.000	I hovudsak lån
19.05.2014	HST-026/14	Søknad om kommunal deltaking i Hardangerbadet	2.000.000	Mastefond
19.05.2014	HST-036/14	Samferdselsutvalet 2014-2015 – drift og finansiering av utvalet	800.000	Tidlegare års overskot
19.05.2014	HST-037/14	Høgskuleundervisning i Hardanger – søknad om driftsstøtte	80.000 x 5 år	Innanfor rammene til næringsavdelinga
06.05.2014	FSK	Utescene – KORK	300.000	Mastefond
19.05.2014	HST-026/14	Hardangerbadet – 1,5 MNOK i tilskot til AS og 0,5 MNOK til eige arbeid – P19141	2.000.000	Mastefond
19.05.2014	HST-034/14	Sal av bustad i Vikøy.		1/3 skal gjevast i tilskot til investeringar i Vikøy kyrkje. 2/3 skal gå til EK til ny bustad for funksjonshemma.
2008	HST-084/08	HAKU – støtte på totalt 1 MNOK, utdelt kr 600.000 tidlegare	300.000	Næringsfond
2012	HST-132/12	Tiltak i trafikkisikringsplanen – løyva kr 750.000 i 2014	750.000	Fond og lån

## 5 Økonomisk hovudoversikt - drift

### Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett 2014, endringer i 2. tertial

A. ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT						
DRIFTSINNTEKTER	Rek 2014, 2T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial	
LN01 Brukarbetalingar	14 514	21 701	22 106	65,7 %	0	
LN02 Andre sals- og leigeinntekter	26 511	48 228	48 058	55,2 %	0	
LN03 Overføringar med krav til motyting	42 205	61 983	62 356	67,7 %	50	
LN04 Rammetilskot frå staten	181 836	264 121	263 651	69,0 %	0	
LN05 Andre statlege overføringar	15 188	40 520	35 520	42,8 %	-5 000	
LN06 Andre overføringar	4 010	19 478	16 478	24,3 %	-3 000	
LN07 Skatt på inntekt og formue	120 594	196 693	192 058	62,8 %	0	
LN08 Eigedomsskatt	19 917	40 000	40 000	49,8 %	0	
LN09 Andre direkte og indirekte skattar	23	3 888	3 888	0,6 %	0	
<b>LN10 Sum driftsinntekter</b>	<b>B</b>	<b>424 797</b>	<b>696 611</b>	<b>62,1 %</b>	<b>-7 950</b>	
DRIFTSUTGIFTER	Rek 2014, 2T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial	
LN11 Lønsutgifter	233 094	376 389	372 681	62,5 %	-4 854	
LN12 Sosiale utgifter	81 587	115 419	115 857	70,4 %	0	
LN13 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	50 230	81 724	84 067	59,7 %	254	
LN14 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	23 300	31 157	31 157	74,8 %	0	
LN15 Overføringar	39 906	65 853	68 283	58,4 %	350	
LN16 Avskrivningar	0	33 918	33 918	0,0 %	0	
LN17 Fordelte utgifter	-50	-2 359	-2 359	2,1 %	0	
<b>LN18 Sum driftsutgifter</b>	<b>C</b>	<b>428 066</b>	<b>702 100</b>	<b>60,8 %</b>	<b>-4 250</b>	
<b>LN19 BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>D=B-C</b>	<b>-3 270</b>	<b>-5 489</b>	<b>-19 489</b>	<b>16,8 %</b>	<b>-3 700</b>
EKSTERNE FINANSTRANSASJONER	Rek 2014, 2T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial	
LN20 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	28 940	33 500	33 700	85,9 %	0	
LN21 Gevinst finansielle instrumenter	0	100	100	0,0 %	0	
<b>LN23 Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>E</b>	<b>28 940</b>	<b>33 600</b>	<b>85,6 %</b>	<b>0</b>	
LN24 Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	16 233	24 503	24 003	67,6 %	0	
LN25 Tap finansielle instrumenter	164	100	100	164,0 %	0	
LN26 Avdragsutgifter	8 808	29 700	29 700	29,7 %	0	
<b>LN28 Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>F</b>	<b>25 206</b>	<b>54 303</b>	<b>46,8 %</b>	<b>0</b>	
<b>LN29 Resultat eksterne finansieringstransaksjoner</b>	<b>G=E-F</b>	<b>3 734</b>	<b>-20 703</b>	<b>-20 003</b>	<b>-18,7 %</b>	<b>0</b>
LN30 Motpost avskrivningar	0	33 918	33 918	0,0 %	0	
<b>LN31 NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>I</b>	<b>465</b>	<b>7 726</b>	<b>-5 574</b>	<b>-8,3 %</b>	<b>-3 700</b>
AVSETNINGAR	Rek 2014, 2T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial	
LN32 Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk	0	400	1 200	0,0 %	0	
LN33 Bruk av disposisjonsfond	1 260	1 100	3 600	35,0 %	200	
LN34 Bruk av bundne fond	275	24 329	27 214	1,0 %	2 885	
<b>LN35 Sum bruk av avsetningar</b>	<b>J</b>	<b>1 535</b>	<b>25 829</b>	<b>32 014</b>	<b>4,8 %</b>	<b>3 085</b>
LN38 Avsetningar disposisjonsfond	0	9 255	1 920	0,0 %	-835	
LN39 Avsetningar til bundne driftsfond	214	24 300	24 520	0,9 %	220	
<b>LN40 Sum avsetningar</b>	<b>K</b>	<b>214</b>	<b>33 555</b>	<b>26 440</b>	<b>0,8 %</b>	<b>-615</b>
<b>LN41 Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>L=I+J-K</b>	<b>1 785</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>#####</b>	<b>0</b>



## **Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):**

### **LN10 Sum driftsinntekter er redusert med 8 MNOK i forhold til vedteke budsjett per 1. tertial**

Det er forventa ein reduksjon i heimfallsinntektene på 6,0 MNOK (LN05) og ein reduksjon i konsesjonskraft på 3,0 MNOK (LN06). Fordi Kvam har sagt ja til å motta fleire flyktningar enn planlagt, aukar overføringane frå staten med 1,0 MNOK (LN05). LN03 er mva.kompensasjon for Trafikksikringsprosjekt.

### **LN18 – Sum driftsutgifter er redusert med 4,3 MNOK**

Lønsjusteringspotten er redusert med 3,5 MNOK Reduksjon i vakante stillingar er på 0,7 MNOK. og 0,6 MNOK i redusert kvalifikasjonsstønad. Reduksjonane er føretekte for å finansiera ei kraftig overskriding i sosialhjelp på 3,5 MNOK (LN15). Reduksjonen i kraftinntektene gjev ein reduksjon på 3,5 MNOK i kostnader til skatt på heimfall (LN15). Det er overført 0,3 MNOK til HAKU i tråd med tidlegare HST-vedtak ved oppretting av skulen (LN15) Oppretting av prosjektet Trafikksikringstiltak 2014 aukar driftskostnadene med 0,2 MNOK (LN13) og mva.kompensasjon i LN15 tilsvarande som i LN03.

### **LN31 - Netto driftsresultat etter 2. tertial er 3,7 MNOK dårlegare enn budsjett per 1. tertial 2014 og 14 MNOK dårlegare enn opphavleg budsjett**

#### **Avsetningar**

To tidlegare Heradsstyrevedtak er tatt inn i 2. tertial med bruk av fond. Det gjeld HST-84/08, der 0,3 MNOK av vedteke tilskot til HAKU (av totalt 1,0 MNOK) er lagt inn (LN34). Det andre er HST-132/12 – Trafikksikringsplan med fondsbruk på 0,2 MNOK (LN33).

Tidlegare forskotsutbetalingar på kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift er finansiert av drift. Det tar lang tid frå kommunen utbetaler til dei ulike eksterne prosjekta til kommunen mottok inntektene frå fylket. For at dette ikkje skal belaste drifta, vert midlane lånt av Næringsfondet (2,2) (LN34).

Tidlegare vedteken avsetning til disposisjonsfond er redusert med 0,83 MNOK (LN38). Avsetningar til bunde driftsfond (LN39) på 0,2 MNOK og bruk på 0,4 (LN34) gjeld nullstilling av VAR-området.

## 6 Rammeområda - drift

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA – tema for Kvam herad:

Hovudoversikt drift 2014. Fordelt på Kostra-tema							
Tema (i 1000 kr)	Forbruk tom 2.tertial 2014	Forbruk i % tom 2.tertial	Opphavleg budsjett		2. tertial 2014		
	Netto forbruk 2014	Netto	Brt. utg. 2014	Netto utg 2014	Brt. utg. 2014	Netto utg 2014	Endring 2. tertial
Politisk verksemd	2 277	56 %	4 182	4 076	4 982	4 076	0
Adm. og fellesutgifter	28 504	93 %	39 762	30 598	39 089	29 775	-565
Barnehagar	43 968	72 %	73 977	61 328	76 183	63 128	-375
Grunnskule	97 681	65 %	167 248	150 209	166 542	149 316	-1 057
Kommunehelse	18 599	68 %	34 692	27 554	34 559	27 421	-141
Pleie- og omsorgstenesta	132 804	73 %	215 247	181 088	214 234	179 715	-938
Sosialteneste og NAV	18 830	71 %	28 380	26 597	29 188	27 404	1 325
Barnevern	11 090	55 %	21 171	20 246	21 133	20 208	-38
Bustader	(3 839)	127 %	13 997	-3 022	13 915	-2 935	13
Plan	4 817	64 %	19 266	7 480	19 105	7 618	-161
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	(3 148)	25 %	28 023	-12 668	26 768	-7 148	5 445
Brann og ulykkesvern	5 822	79 %	9 305	7 330	9 268	7 293	-37
Samferdsle og grøntanlegg	7 608	53 %	17 511	14 304	18 285	14 828	-18
Vatn avløp og renovasjon/avfall	(2 604)	83 %	37 945	-3 150	38 302	-3 150	-167
Kultur	7 359	56 %	17 438	13 107	17 521	12 890	-17
Kyrkje	3 770	75 %	5 050	5 024	5 050	5 024	0
Skatt og rammetilskot	(23 543 092)	4501 %	0	-523 094	1 100	-517 889	100
Finans	(3 690)	-14 %	60 946	26 911	52 806	16 343	-3 368
Løn til fordeling	-	#DIV/o!	0	0	0	0	0
Motpost avskrivningar	-	0 %	0	-33 918	0	-33 918	0
<b>Sum</b>			<b>794 142</b>	<b>0</b>	<b>788 031</b>	<b>-0</b>	<b>0</b>

2. tertial 2014 viser nytt budsjett etter endringar i perioden mai til august 2014. Opphavleg budsjett viser vedteke budsjett i HST inkludert justeringar vedteke i budsjettmøtet.

Normalforbruket per 2. tertial er 63,2% på fastløn og 66,7% for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvike frå normalforbruket.

På 2. tertial 2014 vert alle endringar på rammeområde samla i ein tabell. Endringane vert ikkje spesifisert på den enkelte funksjon i egne tabellar for kvart område.

### Forklaringar til endringar i budsjett 2014:

På tvers av rammeområda: Hovudårsaka til alle justeringane mellom rammeområda kjem av fordeling av reduksjon i lønsjusteringspotten på 3,5 mill. kr. Etter sentralt oppgjer er lønsbudsjettet på kvart rammeområde auka. Midlane er overført frå lønsjusteringspotten.

I tillegg er det nokon endringar på det enkelte område.

Administrasjon: Ein vakant stilling gjev reduksjon i lønnsutgifter på 0,3 mill. kr.

Sosialteneste og NAV: Sosialhjelp aukar med 1,5 mill. kr.

Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift: Reduksjon i kraftinntekter på 5,5 mill. kr.

Finans: Auke i bruk av fond og reduksjon i avsetning til disposisjonsfond.

## 7 Økonomisk hovedoversikt - investering

Økonomisk hovedoversikt – investeringsbudsjett 2014, endringer i 2. tertial

ØKONOMISK OVERSIKT -						
B. INVESTERING (tusen kr)						
INVESTERINGSINNTEKTER		Rek 2014, 2T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 2. tertial	Endring 2. tertial	
LN01	Sal av driftsmidler og fast eiendom	69	3 000	5 250	2 250	
LN02	Andre salgsinntekter	51	0	0	0	
LN03	Refusjoner	400	8 992	2 092	-8 500	
LN04	Kompensasjon for mva	2 836	17 669	16 063	-4 581	
LN06	Andre overføringer	3 436	0	1 625	0	
<b>LN08</b>	<b>Sum inntekter</b>	<b>L</b>	<b>6 792</b>	<b>29 660</b>	<b>25 029</b>	<b>-10 831</b>
INVESTERINGSUTGIFTER						
LN09	Lønnsutgifter	811	409	409	0	
LN10	Sosiale utgifter	224	167	167	0	
LN11	Kjøp av varer og tenester i kommunal eigenproduksjon	33 992	201 438	203 378	-14 738	
LN12	Kjøp av tjenester som erstatter eigenproduksjon	0	1 500	0	-1 500	
LN13	Overføringer	3 336	18 169	16 355	-4 581	
LN14	Renteutgifter og omkostninger	2	0	0	0	
LN15	Fordelte utgifter	50	0	0	0	
<b>LN16</b>	<b>Sum utgifter</b>	<b>M</b>	<b>38 415</b>	<b>221 681</b>	<b>220 307</b>	<b>-20 819</b>
FINANSUTGIFTER						
LN17	Avdragsutgifter	1 354	2 000	2 000	0	
LN18	Utlån	7 106	20 000	20 050	50	
LN19	Kjøp av aksjer og andeler	13 029	200	13 030	12 830	
LN21	Avsatt til ubundne investeringsfond	0	3 000	3 000	0	
<b>LN23</b>	<b>Sum finanstransaksjonar</b>	<b>N</b>	<b>21 489</b>	<b>25 200</b>	<b>38 080</b>	<b>12 880</b>
<b>LN24</b>	<b>Finanseringsbehov</b>	<b>O=M+N-L</b>	<b>53 112</b>	<b>217 221</b>	<b>233 358</b>	<b>2 892</b>
FINANSIERING						
LN25	Bruk av lån	7 056	187 141	190 118	-10 215	
LN27	Mottekne avdrag på utlån	1 208	2 000	2 000	0	
LN30	Bruk av disposisjonsfond	0	0	53	0	
LN31	Bruk av bundne driftsfond	1 026	6 020	8 043	2 023	
LN32	Bruk av ubundne investeringsfond	12 053	12 060	23 144	11 084	
LN33	Bruk av bundne investeringsfond	0	10 000	10 000	0	
<b>LN34</b>	<b>Sum finansiering</b>	<b>R</b>	<b>21 343</b>	<b>217 221</b>	<b>233 358</b>	<b>2 892</b>
<b>LN35</b>	<b>Udekket/udisponert</b>		<b>31 769</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Kommentar til investeringsrekneskapen (tal i tabell i 1.000):**

### LN08 – Sum inntekter er redusert med 11 MNOK i 2. tertial

P61083 – Oppgradering vassverk Kvamskogen er justert for 2,3 MNOK for sal av hytte. Reduksjonen i refusjonar gjeld tidsforskyving av P60024 – Bustadfelt Grodalsåsen og P61132 – Bru Steinsdalsfossen, netto 8,5. LN04 er endringer i mva.refusjon som følge av forskyving i tid for prosjektet (5), eller endring i ramma (-0,4).

**LN16 – Sum utgifter er redusert med 20,8 MNOK**

I 2. tertial er det oppretta lagt inn 2 nye prosjekt: P61145 – Trafikksikringstiltak og P71141 – Vikøyevjo, i tråd med politiske vedtak, totalt 0,7 MNOK i driftsutgifter. I tillegg er rammene for P15083 – Turistveg Steinsdalen og P18131 – Portal- og adm.program utvida med 3,7 og 1 MNOK. VA-prosjekta P61083 og P61110 er utvida med til saman 3,3 MNOK. Totalt er utgiftene auka med 8,7 MNOK. På den andre sida medfører tidsforskyvingar i ulike prosjekt til ein reduksjon på 25 MNOK i tertialen, totalt 16,2 MNOK i reduksjon på LN11/12.

LN13 er tilsvarande reduksjon i mva.kompensasjon (-4,6 MNOK) som inntekter i LN04.

**LN23– Sum finanstransaksjonar er auka med 12,9 MNOK**

LN18 – Utlån, gjeld lån frå fond på kr 50.000 til Ålvik pensjonistlag

LN19 – Er auke på 12,8 MNOK i eigenkapitalinnskott til KLP i samband med at kommunen har skifta pensjonsleverandør. Som ein del av å bruka KLP som leverandør, vert Kvam herad medeigar.

**LN34 – Sum finansiering**

Bruken av lån fell med netto 10,2 MNOK i tertialen på grunn av tidsforskyvingar av prosjekt.

Bruken av fond aukar for å finansiera eigenkapitalinnskott i KLP, og vert noko redusert på grunn av tidsforskyvingar i prosjekta.

# 8 Prosjektoversikt

Tekst	Totalramme fordelt på år							Rest på total ramme	Sum Prosjektramme
	Forbruk (rekneskap)	Forbruk 2014	Bud T.o.m 2013	Bud 2014	Bud 2015	Bud 2016	Bud 2017		
P61145 Trafikksikringsiltak 2014 - HST-132/12	0	0	0	938	0	0	0	938	938
P71141 0* Vikøyevje	175	175	0	219	0	0	0	44	219
<b>Sum nye prosjekt</b>	<b>175</b>	<b>175</b>	<b>0</b>	<b>1 156</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>981</b>	<b>1 156</b>
P19141 Hardangerbadet	0	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P70132 1* Reg.plan Tokagjelet-Ungd.heimen	0	0	0	250	0	0	0	250	250
P70133 1* Reg.plan NAF-Eikedalen	0	0	0	250	0	0	0	250	250
P70134 1*Reguleringsplan Busdalen/Grustaket	417	281	250	675	0	0	0	508	925
P71091 1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	1 355	0	1 835	3 790	0	0	0	4 270	5 625
P71095 1* Reguleringsplan Håfjellstunnet	430	90	813	438	0	0	0	508	938
P71096 1* Reguleringsplan Fyksesund bru - Steinste	47	0	21	229	0	0	0	203	250
P71101 1* Straumen - Båthamna Nhs. aust (HST-173/08)	1 650	44	1 650	225	0	0	0	225	1 875
P74131 1*Kom.plan for næring og kompetanse	563	375	123	428	0	0	0	-13	550
<b>Sum aktive driftsprosjekt</b>	<b>4 461</b>	<b>790</b>	<b>4 691</b>	<b>8 284</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>8 202</b>	<b>12 663</b>
K60032 0* Kjøp av ICA tomt	30	0	0	0	12 250	0	0	12 220	12 250
P13141 0* IT-investeringar 2014	944	944	0	1 800	0	0	0	856	1 800
P13151 0* IT-investeringar 2015	0	0	0	0	1 800	0	0	1 800	1 800
P13161 0* IT-investeringar 2016	0	0	0	0	0	1 800	0	1 800	1 800
P13171 0* IT-investeringar 2017	0	0	0	0	0	0	1 800	1 800	1 800
P17141 0* Kjøp av modulbygg	0	0	0	0	2 000	0	0	2 000	2 000
P18131 0* Portal- og administrasjonsprogram	534	534	0	1 825	0	0	0	1 291	1 825
P18132 0* Oppgradering HST-sal	1 827	467	1 000	870	0	0	0	43	1 870
P18133 0* Heilelektronisk arkiv	0	0	0	0	1 875	0	0	1 875	1 875
P18134 0* Nytt biblioteksystem	150	150	0	375	0	0	0	225	375
P18141 0*Oppussing kjeller	332	332	0	625	0	0	0	293	625
P60024 0* Bustadfelt - Grodalsåsen, Mikjelsgarden AS	703	0	640	0	9 860	0	0	9 797	10 500
P60025 0* Utbyggingsavtale Grodalsåsen	0	0	0	0	1 213	0	0	1 213	1 213
P60094 0* Komp.midlar veg - avkøyring industriområde St.dalen	0	0	0	1 250	0	0	0	1 250	1 250
P60096 0* Komp.midlar veg - Skjering, Bakka	0	0	0	0	3 125	0	0	3 125	3 125
P60134 0* Familie- og læringscenter	0	0	0	0	12 500	0	0	12 500	12 500
P60135 0* Omsorgsbustader i Ålvik	608	533	63	2 188	0	0	0	1 642	2 250
P60141 0* Asfaltering 2014	1 039	1 039	0	1 875	0	0	0	836	1 875
P60142 0* Oppgradering bygg 2014	272	272	0	1 250	0	0	0	978	1 250
P60146 0* Fornyng teknisk utstyr 2014	594	594	0	1 625	0	0	0	1 031	1 625
P60151 0* Asfaltering 2015	0	0	0	0	1 875	0	0	1 875	1 875
P60152 0* Oppgradering bygg 2015	0	0	0	0	1 250	0	0	1 250	1 250
P60156 0* Fornyng teknisk utstyr 2015	0	0	0	0	1 125	0	0	1 125	1 125
P60161 0* Asfaltering 2016	0	0	0	0	0	1 875	0	1 875	1 875
P60162 0* Oppgradering bygg 2016	0	0	0	0	0	1 250	0	1 250	1 250
P60166 0* Fornyng teknisk utstyr 2016	0	0	0	0	0	1 125	0	1 125	1 125
P60171 0* Asfaltering 2017	0	0	0	0	0	0	1 875	1 875	1 875
P60172 0* Oppgradering bygg 2017	0	0	0	0	0	0	1 250	1 250	1 250
P60173 0* Fornyng teknisk utstyr 2017	0	0	0	0	0	0	1 125	1 125	1 125
P61131 0* Rassikring - murar	1 530	1 058	625	1 350	0	0	0	445	1 975
P61132 0* Bru Steinsdalsfossen	1 500	553	2 000	700	0	0	0	500	2 000
P62131 0* Forvaltningskontor Toloheimen	229	225	0	300	0	0	0	71	300
P62132 0* Bårehus Øystese	110	0	120	500	3 580	0	0	4 090	4 200
P62141 0* Opprusting Storeteigen	20	20	0	1 025	0	0	0	1 005	1 025
P62142 0* Brannsikring "Grøne bygget"	0	0	0	1 250	0	0	0	1 250	1 250
P70131 0* Skytebane Vangdalsåsen	545	504	50	5 950	4 000	0	0	9 455	10 000
P71092 0* Strandvegen (HST 048/09)	35 406	0	32 651	3 225	0	0	0	470	35 876
P71093 0* Oppgradering Mundheim sentrum	13	0	27	550	0	0	0	565	577
P72110 0* Kjøp av tomt til Næringsformål	5 563	0	8 625	0	0	0	0	2 062	7 625
<b>Sum aktive investeringsprosjekt</b>	<b>51 952</b>	<b>7 226</b>	<b>45 801</b>	<b>28 533</b>	<b>56 453</b>	<b>6 050</b>	<b>6 050</b>	<b>89 233</b>	<b>141 186</b>
P90074 0* Norheimsund barneskule	128 578	3 211	117 052	7 504	0	0	0	-4 023	124 556
P90131 0* Ålvik skule	1 362	721	1 875	48 125	0	0	0	48 638	50 000
P90132 0* Strandebarm skule - ferdigstilling	1 412	743	250	1 250	0	0	0	88	1 500
P91140 0* Barnehage - Felles	476	476	300	800	11 600	0	0	12 224	12 700
P91141 0* Barnehage - Strandebarm	0	0	0	8 000	7 000	0	0	15 000	15 000
P91142 0* Barnehage - Tørvikbygd	6	6	0	11 500	5 200	0	0	16 694	16 700
P91143 0* Barnehage - Norheimsund	691	691	0	16 000	23 500	0	0	38 809	39 500
P91144 0* Barnehage - Øystese	565	0	0	23 000	11 100	0	0	33 535	34 100
<b>Sum aktive skuleprosjekt</b>	<b>133 089</b>	<b>5 846</b>	<b>119 477</b>	<b>116 179</b>	<b>58 400</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>160 967</b>	<b>294 056</b>
P61073 0* Ny pumpestasjon P5, Tolo	182	0	1 340	1 818	0	0	0	1 818	2 000
P61081 0* Utsleppsenering Evjo, Øystese	130	13	1 470	1 800	0	0	0	2 510	2 640
P61082 0* VA-anlegg mot Eikedalen	19 818	7 905	24 200	13 000	0	0	0	5 682	25 500
P61083 0* Oppgradering vassverk Kvamskogen	23 651	2 198	29 000	4 250	0	0	0	599	24 250
P61091 0* Felles slamavkijlar Vikøy	0	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
P61101 0* Kloakksanering Kvam	5 304	815	3 900	2 500	0	0	0	1 096	6 400
P61102 0* Vasssleidning Torpe, vidareføring	150	20	4 000	11 000	0	0	0	14 850	15 000
P61110 0* VA-leidning kvammapakken	29 490	5 853	18 950	6 250	0	0	0	-4 290	25 200
P61111 0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	303	77	3 250	4 750	0	0	0	7 697	8 000
P61113 0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	671	0	2 000	1 500	0	0	0	2 829	3 500
P61114 1* Oppdatering vassforsyningsplan	0	0	0	500	0	0	0	500	500
P61115 0* Sanering VA Skutallia	0	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P61116 0* Sanering Norheim	43	43	0	1 000	0	0	0	957	1 000
P61117 1* Oppdatering avløpsplan	0	0	0	500	0	0	0	500	500
P61118 0* Reservecforsyning vatn	0	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P61119 0* VA-leidning Kvammapakken (Nes - Skipadalen)	2 178	2 178	0	4 000	0	0	0	1 822	4 000
P61120 0* VA-leidning Kvammapakken (Skipadalen - Tolo)	117	55	0	4 000	0	0	0	3 883	4 000
<b>Sum aktive VA-prosjekt</b>	<b>82 039</b>	<b>19 157</b>	<b>88 110</b>	<b>62 368</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>45 951</b>	<b>127 990</b>

## 8.1 Nye prosjekt i tertialen

### P61145 – Trafikksikringstiltak 2014 – HST -132/12

I HST-vedtak 132/12 vart det løyvd 0,75 mill. kr eks. mva til trafikksikringstiltak for budsjettåret 2014. 0,55 mill kr. eks. mva er tatt med i P61145, resterande 0,2 mill kr. eks. mva er lagt til driftsbudsjettet for veg, då fleire av dei gjennomførte tiltaka er ført på drift.

Finansiering:

Bruk av lån	kr	550 000
Bruk av disp.fond	Kr	200 000
Sum finansiering	kr	750 000

### P71141 – Vikøyevjo

Prosjektet er tilførd 0,17 mill kr eks. MVA for planering av grunn og plassering av ballbinge.

Finansiering:

Bruk av lån	kr	175 0000
Sum finansiering	kr	175 0000

## 8.2 Endra prosjektrammer i tertialen

### P15083 – Turistveg Steinsdalen

Statens Vegvesen overfører kjøpesummen for Fossatun i 2015, difor er prosjektet finansiert gjennom bruk av bundne driftsfond i 2014. I 2015 er det budsjettert med 3,69 mill kr i refusjon frå Statens Vegvesen, slik at det ikkje medfører auka netto utgifter for Kvam herad.

Finansiering:

Lån av bundne driftsfond	kr	3 697 025
Sum finansiering	kr	3 697 025

### P18131 – Portal og administrasjonsprogram

Budsjettet er auka med 1 MNOK eks. mva. til å dekkja krav til ny/endra programvare. Finansiert med lån. 0,1 MNOK gjeld investeringar i VAR-program, og vert såleis finansiert med sjølvfinansierende lån.

Finansiering:

Bruk av lån	kr	900 000
Bruk av lån (sjølvfinansierende)	Kr	100 000
Sum finansiering	kr	1 000 000

### P61083 – Oppgradering vassverk Kvamskogen

Det er budsjettert med sal av hytte på 2,25 mill kr.

Finansiering:

Sal av tomter	kr	2 250 000
Sum finansiering	kr	2 250 000

### P61110 – VA-leidning Kvammapakken

Prosjektramma er auka med 1 mill kr ved hjelp av sjølvfinansierende lån.

Finansiering:

Bruk av lån (sjølvfinansierende)	kr	1 000 000
Sum finansiering	kr	1 000 000



## 9 Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 087/13

Nummer	Tekst	Status
<p><b>1. Hovudstrategi for Kvam herad</b></p>	<p>a. Kvam herad skal i tillegg til lovpålagte oppgåver og servicetenester til innbyggjarane arbeida for vekst i folketalet, auka sysselsetjing og verdiskaping. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig. Vidare skal Kvam herad vera ein ja-kommune, vera service- og løysningsorienterte og med fokus på positive haldningar i alt arbeid og i all kontakt utad. Kvam herad er i dag eit fleirkulturelt samfunn, som skal ha stort fokus på likestilling og integrering.</p>	<p>Ny næringsplan, helse- og omsorgsplan, bustadplan, integreringsplan og kommuneplan er under utarbeiding, og er viktige reiskapar for å nå desse måla.</p> <p>Næringsplanen vil truleg vera den første planen som kjem til politisk handsaming, hausten 2014.</p> <p>Rådmannen har utarbeidd eit nytt visjons- og strategidokument. Dokumentet er gjennomgått i leiarsamling og i FSK og HST, og vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med planar og målsetjingar.</p>
	<p>b. Kvam herad skal ha ein sunn økonomi. Rådmannen skal arbeida for å minimera utgifter og maksimera inntekter for lovpålagde tenester og andre tenester som vert prioritert av Kvam heradsstyre. Servicenivået for ikkje-lovpålagde tenester skal vurderast som innsparingstiltak. Eigedomsskatt på bustad og fritidsbustader skal reduserast til 3 promille i 2015, til 2,5 promille i 2016, til 2 promille i 2017, og fjernast så snart økonomien tillet det.</p>	<p>Bortfall av mva.kompensasjon av investeringar, skatt og rammetilskot reduserer netto driftsresultat. Arbeidet med innsparingstiltak må halda fram.</p> <p>Reduksjon av E-skatt er innarbeidd i øk.planperioden.</p>
	<p>c. Planarbeidet i 2014 skal utførast ihht vedteken planstrategi og -program.</p>	<p>Arbeidet med kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel er godt i gang. I høve til framdrifta er planen likevel forseinka, og høringsframlegget vil truleg ikkje vere klart før tidleg i 2015.</p>
<p><b>2. Skatt på eige og inntekt</b></p>	<p>Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.</p>	<p>Lagt til grunn i skatterekneskapan.</p>

<b>6.Skattemargin</b>	Avsetnad til skattemargin er 10%.	Lagt til grunn i skatterekneskapen.
<b>7. Eigedomsskatt 2014</b>	<p>a) Med heimel for utskrivning i medhald av Eigedomsskattelova § 2 og 3, skal eigedomsskatten i 2014 gjelda heile heradet.</p> <p>b) Eigedomsskattesatsen i 2014 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 11, fyrste ledd.</p> <p>c) Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 3,5 promille.</p> <p>d) Botnfrådrag: Det vert ikkje gjeve botnfrådrag på bustaddelen i eigedomar/fritidseigedomar.</p> <p>e) Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (bygning som har historisk verdi).</p> <p>f) Nyoppført bygning som vert nytta til husværeveert etter søknad friteken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova i § 7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket.</p> <p>g) Takstvedtekter for eigedomsskatt i Kvam herad vedteke i heradstyre 17.12.2013 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2014, jf. Eigedomsskattelova §10.</p>	Punkt a-g er lagt til grunn for utfakturering av eigedomsskatt
<b>5. Låneopptak</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av	Ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2014 utgjorde 103,3 mill.kr, dvs. at behovet for nye lån var ca 82

	investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2014 er på 185 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2014.	mill.kr. Det er teke opp lån for 76,75 mill.kr.  Lånebehovet har auka til 190 mill.kr i tertialen, men på grunn av sannsynlege tidsforskyvingar, vil ikkje låneopptaket verta foreslått auka.
<b>6.Husbanklån</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).	Kvam herad har hatt midlar frå tidlegare år til å dekkja Husbanklån i 2014, og har meldt tilbake til Husbanken at det ikkje vert aktuelt med nytt låneopptak i 2014.
<b>7. Refinansiering</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.	Det er refinansiert 252,25 MNOK pr. 12.9.14. Det står att ei refinansiering til i 2014 på 110 MNOK.  Vekta gjennomsnittrente har gått ned frå 3,2% i 2013 til 2,71% per august 2014, og er forventa å gå ytterlegare ned.
<b>8. Låneavdrag</b>	Det skal betalast 29,7 mill.kr i avdrag i 2014. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålsteneleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.	Det er betalt 8,7 i avdrag per 2. tertial.
<b>9. Trekkrett</b>	I følgje vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke å oppretthalde trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2014 skal vera på inntil 40 mill.kr.	Trekkretten har så langt vore lite nytta.
<b>10. Delegeringsreglement</b>	Budsjettet for 2014 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggjande dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedtekne i særskilde tabellar.	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
<b>11. Justering av prosjekt i tid</b>	Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i tid.	Eventuelle justeringar er omtala i eige kapittel i tertialen.
<b>12. Prisar og gebyr</b>	Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.	Det vart gjort endringar i prisen for semesteravgifta for 1. året i Kulturskulen.

<b>13. Økonomisk sosialhjelp</b>	Økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga er ei skjønsmessig yting, jf. § 18. Kvam herad nyttar satsar som er i samsvar med statlege rettleiande retningslinjer for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald. Kvam herad set som vilkår for tildeling av økonomisk stønad, at mottakaren i stønadsperioden skal utføra passande arbeidsoppgåver i kommunen, jf. § 20.	Prosjekt «aktivitet for sosialhjelp» er under utgreiing. Ulike aktivitetar vert vurdert, m.a. samarbeidsprosjekt med teknisk eining. Det vert arbeidd med rekruttering til aktivitetseiar, evt. prosjektleiar.
<b>14. Kjøp av eigedomar</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av eigedomar på inntil 4 mill.kr.	Fullmakta er førebels ikkje nytta.
<b>15. Krisesituasjonar</b>	Rådmannen får fullmakt til å omdisponera ressursar for opp til 2 mill.kr som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.	Fullmakta er førebels ikkje nytta.
<b>16. Kraftinntekter</b>	Heimfallsinntekter og sal av konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett for 2014, skal setjast av i eit kraftfond.	Prognosane viser ein kraftig reduksjon i inntektene, og ingen avsetning.
<b>17. Flyktningar</b>	Kvam herad presiserer tidlegare vedtak om antal på 15 flyktingar pr. år til å innbefatta familiegjenforening	Bustadsituasjonen har betra seg og Kvam herad vil busetja 15 flyktingar 2. halvår 2014.
<b>18. Tenesteutvalet</b>	Tenesteutvalet vert lagt ned frå mars 2014, og politikarar vert engasjerte i aktuelle ad-hoc utval etter behov og ynskje med målsetjing om tettare dialog mellom administrasjon og heradstyre i aktuelle plansaker etc. Administrative tenester må tilpassast eit redusert utvalsarbeide.	Reduksjonen er innarbeidd i økonomiplanen.
<b>19. Politisk organisering</b>	Det vert lagt fram ei sak for heradstyret i 2014 på ny politisk organisering, med vurdering av antal heradstyremedlemer, aktuelle utval og organisering av ansvarsområde, gjeldande frå og med kommunevalet 2015.	I HST-møte 19.5.14 vart det sett ned eit utval som skal arbeida med desse problemstillingane. Gruppa er i gang med arbeidet.
<b>20. PPT</b>	Skulane skal saman med PPT arbeida systematisk for å redusera behovet for spesialundervisning. Grunnlaget	Sjå eigen kommentar under

	<p>for spesialundervisning er ei sakkunnig vurdering knytt til eleven sitt utbyte av ordinær undervisning. Gjennom systemarbeid og kompetansehevande tiltak i skulane, skal elevar med lettare lese og skrivevanskar få opplæring gjennom tilpassa undervisning. (ref. §5-3 opplæringslova)</p>	
<p><b>21. Organisering i skule</b></p>	<p>Skulane skal arbeida med utgangspunkt i at alle elevar på same trinn kan organiserast i ulike basisgrupper, store eller små, som ivaretek elevane sitt behov for sosial tilhøyrse</p> <p>og ut frå intensjonen om å gje kvar einskild elev tilstrekkeleg utbyte av undervisninga.</p> <p>Gruppene skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld gruppa. Målet er god læring for alle.</p> <p>Heradstyre ønskjer at skulane skal tenkja heilskapleg på kvart trinn og organisera elevar og læringsaktivitetar ut frå ei vurdering av kva som gjev den beste læringa for kvar einskild elev. Opplæringslova seier at det skal vera tilstrekkeleg med ressursar og utstyr for å gjennomføra ulike læringsaktivitetar ut frå mål.</p>	<p>Sjå eigen kommentar under</p>
<p><b>22. Skulestruktur</b></p>	<p>Skulestrukturen skal liggja slik han no er, og for Ålvik og Tørvikbygd.</p>	<p>Det er ikkje gjort endringar i skulestrukturen, og utvida rammer for ny skule i Ålvik er</p>

		vedteke
<b>23. Legevakt</b>	Legevakt skal oppretthaldast i Kvam	Legevakta er oppretthalden
<b>24. IKT satsing</b>	Rådmannen må leggja fram ei sak om meir føremålstenleg og framtidretta IKT satsing. Dette gjeld i oppvekst, helse og omsorg og administrasjon og det skal leggjast vekt på organisering, ressursar og kompetanse.	Sak om Digitaliseringsstrategi for Kvam herad er på høyring i organisasjonen, og kjem opp som politisk sak i haust.
<b>25. Servicebygg Mundheim</b>	Kvam herad tar ansvar for oppføring av servicebygg ved Mundheim terminal. Bygget er fullfinansiert av midlar frå KNR(kompensasjonsmidlar), frå Hordaland fylkeskommune og midlar frå sal av tidligare Mundheim skule. Rådmannen må gå i forhandlingar med Hordaland fylkeskommune som vegeigar, for at HFK skal ta seg av drifta av bygget. Dette servicebygget er viktig ved «innfallsporten» til Hardanger og Kvam på Fv.49.	Kvam herad har hatt møter med Mundheim grendautval før sommaren, og starta opp arbeidet med skisser. Forhandlingar med fylket er ikkje avslutta.
<b>26. Utekontakten</b>	Utekontakten blir vidareført inntil målsetjinga om godt førebyggjande arbeid blant ungdom vert ivareteke under Kvam familie- og læringssenter.	Arbeidsgruppa er i gang med å beskriva status, avdekka behov og ev tilrå nye tiltak og samarbeidsmodellar, der utekontaktane sine noverande oppgåver har ein sentral plass
<b>27. Bustader</b>	Rådmannen får i oppdrag å leggja fram ei sak som viser prinsippa for sal av kommunale tomter, både til privatbustad og til næring, om dei skal seljast til kostpris eller marknadspris. Heradet må igjen få ein portal som til ei kvar tid viser kva tomter som er til sals (lenke til private tomter, både til næring og bustader, må gjerast godt synleg).	Prinsippsak vert teke i samband med bustadplanen. Bustadplanen er forseinka. Publisering på nettet vert teke opp etter at kommunen har fått ny portal (eige prosjekt).
<b>28. Driftsbudsjett 2014-2017</b>	Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med tabellen nedanfor og underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.



<b>29. Rammeområde</b>	Budsjettet vert fordelt på rammeområde i samsvar med tabellen nedanfor, jfr. Økonomireglementet for Kvam herad (tal i 1.000 kr)	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
<b>30. Investeringsbudsjett 2014-2017</b>	Investeringsbudsjettet vert vedtek i samsvar med tabellen nedanfor og underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
<b>Tabell med endringar i budsjettframlegg 2014 – 2017</b>	Tal i 1.000 kr	
	1. Eigedomsskatt just. lhht. hovudstrategi Pkt. 1 b). Auka med 5.700 i 2015 og 2.800 i 2016	Innarbeidd i øk.plan
	2. Grunnbemanning barnehage. Auka med 500 i 2014 og 1.000 i 2015	Vidareført dagens nivå for grunnbemanning (6,2 einingar pr. årsverk) i tråd med HST vedtaket.
	3. Tidleg innsats. Auka med 210 i 2014 og 462 i 2015	Sjå kommentar under
	4. Kulturskolen, pris ned år 1. Auka med 75 i øk.planperioden.	Tiltaket er gjennomført.
	5. Utekontakt. Auka med 300 i 2014 og 2015.	Ungdomsarbeid vert utført i tråd med HST vedtaket og arbeidet med ivaretaking av ungdomsarbeidet i KLF er starta
	6. Strakstiltak Kvam rehab (2-sengsrom). Auka med 1500 i 2014	4 ekstrasenger er oppretta og i bruk.
	7. Tilbakeføring av generell nedskjering i budsjett. Auka med 500 i 2014	Innarbeidd i budsjettet
	8. Konsulentmidlar planar. Auka med 500 i 2014	Det vert brukt ca 150.000,- til «mogleighetsstudie for gamle Norheimsund ungdomsskule, samt Straumhaugen», hausten 2014»
	9. ENØK. Auka med 100 i 2014, og red. med 40 pr. år i resten av øk.plan.	Rapport utarbeidd, tiltak til vurdering.

	10. Grendautval, auke i tilskot ca.50 pr. år i øk.planperioden	Innarbeidd i øk.plan, og utbetaling til grendautval dobla i 2014.
	11. Avslutta Tenesteutvalet. Redusert med 300 i 2014 og 500 i 2015	Innarbeidd i øk.plan.
	12. Auka ramme Kyrkjeleg fellesråd / slått kyrkegardane med 200 pr år 2014-2016	Innarbeidd i øk.plan
	13. Opningsarr. Steinsdalsfossen, 100 i 2014 finansiert med avkastning mastemidlar	Prosjektet vart gjennomført i samsvar med oppsett plan den 21. juni 2014
	14. Avkøyring Mo, 250 i 2014 finansiert med næringsfond	Oppretta invest.prosjekt P61141.
	15. Tilrettel. nytt næringsareal Mo, 2.500 i 2014 finansiert med næringsfond	Oppretta invest.prosjekt P61142.
	16. Deltaking i veg Sandvenhagen/Sæland –oppdydding, 3.000 i 2014 finansiert med bustadfond	Oppretta invest.prosjekt P61143.
	17. Opprusting Storeteigen, 150 i 2014 finansiert med næringsfond	Oppretta invest.prosjekt P62141. Utvida i 1. tertial. Arbeidet er under prosjektering. Forventa oppstart i hausten 2014.
	18. Opprustn. Aldersboligar Ålvik – manglande finansiering ref. P60135, 1.500 i 2014, finansiert med lån, refusjon og mva.komp.	Utvida prosjektrammer P60135. Opprustinga har starta opp.
	19. Bygging av 2 modulhus, 2.000 i 2014 finansiert med lån	P17141 er forskyvd til 2015 då tomt til modulbygga ikkje er klar.
	20. Rest til disp.fond. Ny avsetning disp.fond 9.255 i 2014, 6.155 i 2015, 2.655 i 2016 og 55 i 2017.	Innarbeidd i budsjettet. Avsetninga i 2014 er endra i tertialane.  I 2015 er summeringa i vedtaket feil, rett sum er 6.055. I 2017 er det ikkje ei avsetning, men bruk av fondsmidlar.

## Kommentarar til pkt 20 og 21 i budsjettvedtaket:

### 20. PPT

Skulane skal saman med PPT arbeida systematisk for å redusera behovet for spesialundervisning. Grunnlaget for spesialundervisning er ei sakkunnig vurdering knytt til eleven sitt utbyte av ordinær undervisning. Gjennom systemarbeid og kompetansehevande tiltak i skulane, skal elevar med lettare lese og skrivevanskar få opplæring gjennom tilpassa undervisning. (ref. §5-3 opplæringslova)

### 21. Organisering i skule

Skulane skal arbeida med utgangspunkt i at alle elevar på same trinn kan organiserast i ulike grupper, store og små, ut frå intensjonen om å gje kvar einskild elev tilstrekkeleg utbyte av undervisninga og sosial tilhøyrighet i ei gruppe. Målet er god læring for alle. Opplæringslova set i utgangspunktet ikkje ei begrensing på kor store gruppene kan vera, det er berre krav om tilstrekkeleg med ressursar og utstyr. Heradstyre ønskjer at skulane organiserer elevar og læringsaktivitetar ut frå ei vurdering av kva som gjer den beste læringa for kvar einskild elev. Skulane skal ikkje dela trinna i klassar men i formålstenlege grupper ut frå læringsmål og aktivitet. (ref. § 8-2 opplæringslova)

Frå og med hausten 2014 har Kvam Herad bygd opp nye støttesystem på kvar skule, som skal overta og ivareta hjelp til ei gruppe elevar som tidlegare har hatt vedtak om spesialundervisning.

Målgruppa for omlegginga er i første omgang elevar med få timar spesialundervisning, i høve vanskar med lesing-skriving/dysleksi, matematikk, planlegging, konsentrasjon eller som treng meir tid for å få utbyte av opplæringa. For hausten 2014 gjeld dette 80 elevar. I neste omgang vil ein gjera ei vurdering og omlegging av andre elevgrupper. Elevar med store hjelpebehov som treng avvik i kompetansemåla, vil framleis få spesialundervisning.

#### **Kva har me endra på:**

- 80 elevar har ikkje lenger vedtak om spesialundervisning, fordi skule og PPT har bygd opp eit støttesystem på kvar skule med støttekoordinator og støttelærarar som skal ivareta den hjelpa desse elevane treng utan vedtak.
- Systematisk arbeid med støttesystem på alle skulane slik at ein bygger opp eit felles system for å ivareta elevar og gje dei hjelp innanfor tilpassa opplæring
- Me har bygd opp ein ny funksjon me kallar Støttekoordinatorar, som skal ivareta den interne oversikten og systemet kring elevar som ikkje lenger har spesialundervisning.
- Meir systematisk arbeid for å inkludere elevar med særskilde behov i læringsmiljøet
- Færre lærarar arbeider no med spesialundervisning og støtte, men dei har fleire elevar å arbeida med. Dette gjer arbeidet meir fleksibelt, og kan endrast undervegs, av di det ikkje er timeplan-låst mm

- Færre elevar er ute åleine med ein lærar i spesialundervisning. Ein unngår i større grad at spesialundervisninga vert fragmentert og tilfeldig, der resttimar vert delt ut for å fylla opp lærarar si stilling.
- Ein stor del av skulen sine ressursar som var bundne opp til spesialundervisning, er no overført eit fleksibelt støttesystem med motiverte lærarar som kan gje hjelp til fleire i fellesskapet, og som kan tilby kurs til elevar ved behov i samarbeid med PPT
- Tidleg innsats er vidareført som ein del av det nye støttesystemet, og PPT bruker framleis ei 100% stilling ute på lågterskelnivå, men etter bestilling frå støtteteam.
- PPT driv nettverk for lærarar:
  - o tidleg innsats
  - o fleispråklege
  - o støttekoordinatorar

### ***Kva er avgjerande for å lukkast i denne store omstillingsprosessen?***

- Arbeide systematisk for å synleggjera og heva kompetansen i skulane på ein måte som gjer at systemet fangar opp elevar tidleg.
- System for å ivareta støttekoordinatorane sin nye funksjon
- **At midlane som er flytta frå spesialundervisning til støttetimar, vert verande i skulen**

### ***Kva ville me oppnå:***

- Styrka den tilpassa opplæringa.
- Betra læringa hjå alle elevane i Kvam. Alle skal oppleve meistring.
- Auka fleksibiliteten i organiseringa av dei ordinære undervisningsgruppene.
- Ta i vare alle elevane innanfor dei ordinære undervisningsgruppene så langt det let seg gjere, og dei med enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Byggja opp eit støttesystem ved skulane som skal styrka læringsmiljøet og bidra heilskapleg i arbeidet med enkeltelevar og grupper.
- Senka tal elevar med enkeltvedtak.

### ***Kva er kriterier for måloppnåing?***

- Innan hausten 2016 er tal elevar med vedtak om spesialundervisning senka til 8 %.
- Styrka tilpassa opplæring skal vere synleg gjennom læringsaktivitetar og undervisningsmetodar framkomne og utvikla gjennom kompetanseheving, erfaringsdeling og felles refleksjon.
- Alle elevane er inkluderte i læringsfellesskapet.

- Kortsiktig betra læringsresultat, gjennom systematisk resultathandsaming.
- Langsiktig betra resultat på Nasjonale prøvar og eksamen; innan 2018.

### ***Korleis skal tiltaka bidra til å fremma måla***

- Skrive nye sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak for ein del elevar med store hjelpebehov
- Byggja opp støttesystema i skulane. Støtteteam der PPT deltek, på kvar skule vil ha ansvar for hjelp til einskildelevar og grupper. Deler av spesialundervisninga vil løysast opp, ressursane vert samla i eit meir fleksibelt støttesystem, slik at elevane kan få hjelpa fortløpande i dei ordinære undervisningsgruppene, som intensivkurs eller i grupper. Opplæringa vil korrigerast jamleg.
- Omlegginga har ei pedagogisk og spesialpedagogisk grunngjeving i høve kva som gjev elevar tilfredsstillande læringsutbyte, med fokus på trivsel og meistring i læringsfellesskapet
- Kompetanseheving til lærarane; interne og eksterne kurs, lærande nettverk, opplæring i alle tilgjengelege metodar me har (verktøykassa).
- Systematisk vurdering av systemarbeidet og enkeltelevar.
- Knyta prosjektet til vidareføring av Vurdering for læring i heradet, skulebasert kompetanseutvikling SKU pulje 2, systemarbeidet Tidleg innsats, og Ny Giv.

### **Målsetjing: Skulen skal organisere undervisninga slik at flest mogeleg kan delta i fellesskapet.**

Målet med omlegginga er å ha ein felles strategi og kvalitet på opplæring, slik at fleire elevar skal få den hjelpa dei treng i ordinær opplæring med tilrettelegging. Elevar i Kvammaskulen skal føla seg inkludert i læringsaktivitetar tilpassa deira behov. I fellesskap skal me utvikla opplæringstilbodet på fleire område, og dette handlar blant anna om å støtta seg til nyare forskning om kva tiltak som gjev god effekt, og om å ta gode spesialpedagogiske prinsipp med inn i ordinær opplæring. Gjennom desse felles endringane har me tru på at skulane får eit løft som vil gje fleire elevar i Kvam auka utbyte av ordinær undervisning.

## 10 Fondsoversikt

Oversikt over fond og kor mykje som er bunde i perioden 2014-2017.

Fondsmidlar i øk.planperio	Fondsmidlar i øk.planperiode	Saldo	Endring	Herav		Umerka fondsmidlar 31.12.2014
		fondsmidlar 01.01.2014 (S)	fondsmidlar 201401-201412	prosjekt-merka 2014-2017 (P)	Herav diverse-merka 2014-2017 (P)	
25100004	Tilbakeførte midlar KLP (ref. flytting til STB)	976 119	-976 119	0	0	0
25110001	Øyremerka tilskot, gåver ol.	4 960 090	-81 806	569 365	3 840 431	468 488
25130001	Gåver Øysteseheimen	153 772	0	0	0	153 772
25130003	Gåver Strandeb.aldersheim	292 764	-56 177	0	0	236 586
25130004	Gåve Frå Gudrun Mohr 90	19 310	0	0	0	19 310
25130005	Psykatri	16 074	0	0	0	16 074
25130008	Gåve Sverre Soldal	713 247	0	0	0	713 247
25130010	Gåve til Kalhagen Bufellesskap	9 150	0	0	0	9 150
25130011	Gåve Toloheimen	87 017	0	0	0	87 017
25130012	Gåve Øysteseheimen - B.Botnen	652 318	0	0	0	652 318
25130013	Hardanger/Voss kompetanseregion	706 020	0	0	656 020	50 000
25130014	Gåver Lokalmed. senter (Rehab.)	1 310	650	0	0	1 960
25130015	Gåver Kvam legevakt	2 000	3 000	0	0	5 000
25140002	Næringsfond	22 023 846	-50 000	14 699 941	100 000	7 173 905
25140003	Parkeringsplassar	90 000	0	0	0	90 000
25140004	Fiskefond	421 859	29 787	0	0	451 645
25140005	Næringsutvikling I Kvam	946 392	160 500	0	0	1 106 892
25140006	Overførte midlar frå Ålvik vekst	756 631	0	0	0	756 631
25142051	Fond tap på etableringslån	446 658	0	0	0	446 658
25160010	Fond Viltforvaltning	293 957	-51 399	0	0	242 558
25160020	VAR-fond (overskot)	25 427 451	0	0	0	25 427 451
<b>Sum 2.51 bunde driftsfond</b>	<b>Sum 2.51 bunde driftsfond</b>	<b>58 995 985</b>	<b>-1 021 565</b>	<b>15 269 307</b>	<b>4 596 451</b>	<b>38 108 663</b>
25300001	Kapitalfond	330 639	0	0	0	330 639
25300002	Uttak Eigenkap.K.Kraftv	30 968 940	0	11 660	0	30 957 280
25300003	Inv.Fond Kvam Kraftverk	12 797 788	0	0	0	12 797 788
25300004	Fond Overf.Frå Bkk	13 062 893	-12 053 166	0	0	13 062 893
25310001	Flyktningefond - investering	140 529	0	0	0	140 529
25360003	Bustadfelt-Fond	24 728 786	0	11 615 986	0	13 112 800
25360006	Grønning Gard (holmsund)	0	0	0	0	0
25392001	Innløyste Formidlingslån	6 192 678	0	0	0	6 192 678
<b>Sum 2.53 ubunde kapitalfond</b>	<b>Sum 2.53 ubunde kapitalfond</b>	<b>88 222 253</b>	<b>-12 053 166</b>	<b>11 627 646</b>		<b>76 594 607</b>
25510000	Innbet. Husbanklån	6 418 007	0	0	0	6 418 007
25510001	Tilfluktsrom	450 176	0	0	0	450 176
25530003	Heis Ved Øysteheimen	9 297	0	0	0	9 297
25530005	Gåve T.Breievne Str.Aldersh	6 721	0	0	0	6 721
25550001	Vikøy Kyrkjegardsfond	45 854	0	0	0	45 854
25550003	Tusenårsjubileum	178 235	0	0	0	178 235
25563003	Pumpestasjon	83 165	0	0	0	83 165
<b>Sum 2.55 bunde kapitalfond</b>	<b>Sum 2.55 bunde kapitalfond</b>	<b>7 191 456</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>7 191 456</b>
25600000	Disposisjonsfond	7 401 365	0	0	0	7 401 365
25600013	Mastekompensasjon	24 520 496	-2 860 000	-59 604	500 000	24 580 100
25600100	Mva.komp. frå investeringsprosjekt	6 058 303	0	-1 212 513	0	7 270 816
25600200	Disp.fond - ekstra kraftinntekter	993 782	0	0	0	993 782
<b>Sum 2.56 disposisjonsfond</b>	<b>Sum 2.56 disposisjonsfond</b>	<b>38 973 946</b>	<b>-2 860 000</b>	<b>-1 272 117</b>		<b>40 246 063</b>
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	2 356 125	0	0	0	2 356 125
<b>Sum 2.595 rekneskapsmessige</b>	<b>Sum 2.595 rekneskapsmessige overskot</b>	<b>2 356 125</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>2 356 125</b>

I oversikten er bruk og avsetning til fond i økonomiplanperioden teke omsyn til. Dvs. at estimert saldo er pr. 31.12.14. Oversikten er ikkje komplett og oppdatert for alle dei siste endringane. Den manglar og avsetning av rente til fond, men hovudlinjene er på plass.

## 11 Vedlegg

- Finansrapport
- Gjeldsrapport